



Stine Brandsdal
Elvavegen 20
5918 FREKHAUG

Referanser:
Dykkar:
Vår: 16/1257 - 16/10641

Saksbehandlar:
Marianne Aadland Sandvik
marianne.aadland.sandvik@meland.kommune.
no

Dato:
30.05.2016

Godkjenning - GBNR 23/520 - Løyve til oppføring av garasje - Elvavegen

Administrativt vedtak. Saknr: 158/2016

Tiltakshavar: Stine Brandsdal
Søknadstype: Søknad om løyve til tiltak utan ansvarsrett etter plan- og bygningslova (pbl.) § 20-4 bokstav a).

SAKSUTGREIING:

Tiltak:

Saka gjeld søknad om oppføring av garasje på gbnr. 23/520, Elvavegen 20.

I følgje matrikkelen har gbnr 23/520 eit samla areal på 1080,9 daa. I søknaden er det opplyst at garasjen vil ha storleik på BYA 49,6 m². Samla sett vil eigedomen ha BYA på 263,1 m², medrekna garasjen. Sum BYA overstig dermed ikkje 30% av tomtens storleik, slik grensa er satt i kommuneplanens arealdel.

Det vert elles vist til søknad om løyve til tiltak utan ansvarsrett, journalført motteke 6.5.2016.

VURDERING:

Nabovarsling:

Tiltaket er nabovarsla utan merknadar. Administrasjonen vurderer nabovarslinga som tilstrekkeleg, jf. pbl § 21-3 første og andre ledd.

Lov- og plangrunnlag:

Eigedomen er uregulert, men er sett av til landbruk-, natur- og friluftformål (LNF-område) med spreidd bustad i kommuneplanens arealdel, jf. pbl § 11-7 nr. 5 bokstav b). Garasje er difor i samsvar med arealformålet.

Plassering- og avstand til nabogrense:

Plassering av garasjen mot sør er ikkje i samsvar med pbl § 29-4 andre ledd, men kommunen kan godkjenne plassering nærare nabogrensa enn fire meter etter pbl § 29-4 tredje ledd bokstav b). Kommunen godkjenner dermed plassering 1 meter frå nabogrensa mot sør som vist på vedlagte situasjonskart journalført motteke 6.5.2016.

Planløysing, høgd og visuelle kvaliteter:

Tiltaket skal oppførast i samsvar med teikningar journalført motteke 6.5.2016. Kommunen vurderer at tiltaket stettar krava i pbl §§ 29-1 og 29-2.

VEDTAK:

«Meland kommune gir i medhald av pbl § 20-1 løyve til oppføring av garasje på gbnr. 23/520. Grunngevinga går fram av saksutreiing og vurdering ovanfor. Plassering og utforming av tiltaket skal vere som vist på situasjonsplan og fasade-, snitt og planteikningar journalført motteke 6.5.2016.

Dei opplysningane om byggjetiltak og tiltakshavar som kjem fram i søknaden vert registrert i matrikkelen, jf. matrikkelova. Matrikkelen er det offisielle registeret for fast eigedom, bygningar, bustader og adresse.

Dersom tiltaket ikkje er sett i gong innan tre år etter at løyve er gjeve, fell løyvet vekk. Det same gjeld dersom tiltaket vert innstilt i meir enn to år, jf. pbl § 21-9. Tiltaket skal utførast i samsvar med vilkår gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova, med mindre noko anna går fram av vurderinga over eller gjennom tidlegare godkjenning.»

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr. 4 og gjeldande delegasjonsreglement.

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til Fylkesmannen i Hordaland, jf. fvl §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast. Føretak som har fått avslag på søknad om ansvarsrett har særskilt rett til å klage over dette vedtaket. Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl § 27b.

Gebyr for sakshandsaminga vert ettersendt. Gebyr for teknisk forvaltningsteneste er fastsett ved forskrift. Det er ikkje høve til å klage over ei forskrift, jf. fvl §§ 3, 28 og 40. Det kan difor ikkje klagast over at det vert kravd gebyr, eller over storleiken på gebyret. Det kan klagast over kva punkt i regulativet gebyret er rekna ut i frå. Klage skal vere grunngjeven.

Med helsing

Anny Bastesen
sektorsjef teknisk

Marianne Aadland Sandvik
Juridisk rådgjevar byggjesak

Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

Søknad om løyve til tiltak på GBNR 23/520 Frekhaug - oppføring av garasje
nabovarsel
kart og teikningar

Mottakere:

Stine Brandsdal

Elvavegen 20

5918

FREKHAUG